Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

# Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord

Postboks 8140 Dep
N-0033 Oslo
Telefon 78 60 60 00
postmottak@landbruksdirektoratet.no

## Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord

Kommunen fastset søknadsfrist. Send skjemaet til den kommunen der dreneringsarealet ligg, eitt skjema per kommune. Les rettleiinga i felt 6 før du fyller ut søknaden.

Tilskot til drenering kan ikkje gjevast til tiltak som er på begynt eller utført før kommunen har innvilga tilskot. Om tiltaket er i konflikt med automatisk freda kulturminne det ikkje er gitt dispensasjon for, vert denne søknaden også rekna som søknad om dispensasjon frå kulturminnelova. Dersom du under gjennomføringa av tiltaket råkar på automatisk freda kulturminne, skal du stanse arbeidet og varsle regional kulturminneforvaltning (fylkeskommunen og/eller Sametinget).

## 1. Grunnopplysningar

| Organisasjonsnr. (9 siffer) | Fødselsnr. (11 siffer) (skal berre fyllast ut dersom søkjaren ikkje har org.nr.) | Kontonr. (11 siffer) |
|---|---|---|
| 982848709 | | 3632 08 04684 |

Søkjaren sitt namn
Laila Bjørge

| Adresse | Postnr. | Poststad |
|---|---|---|
| Bjørge 210 | 5993 | Ostereidet |

| E-post adresse | Telefonnr. |
|---|---|
| laila.bjorge@gmail.com | 95735405 |

Det blir søkt om tilskot til drenering på desse eigedomane:

| Kommunenr. (4 siffer) | Gardsnr. | Bruksnr. | Festenr. |
|---|---|---|---|
| 1263 | 241 | 3 | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

## 2. Tiltak

Det kan gjevast tilskot til areal som tidlegare er drenert. Det kan også gjevast tilskot til planerte areal som ikkje tidlegare er drenerte.

Når blei eventuelt tidlegare drenering utført?
1900-2000

| Type tiltak | Areal, dekar (heile tall) | Løpemeter grøft, meter |
|---|---|---|
| Systematisk grøfting | | X |
| Profilering | | X |
| Omgraving | | X |
| Avskjæringsgrøfting | X | 300 |
| Anna grøfting (usystematisk) | X | 437 |
| Sum alle tiltak | 0 | 737 |
| Tiltaket skal gjennomførast på (kryss av) | ☒ Eigd areal | ☐ Leigd areal |

Merknader
Ein del av grøftene er avskjeringsgrøfter frå stikkrenner i kommunevegen. Dette er gamle steingrøfter som ikkje klarar å svella under dei store vassmengdene som kjem som følgje av meir ekstremvær

## 3. Vedlegg til søknaden (kryss av for vedlegg)

Søknaden skal innehalde:

- ☐ Plan for drenering med omtale av tiltaka
- ☒ Kart
- ☒ Miljøvurdering

Søknaden kan innehalde:

☐ Dokumentasjon av tidlegare utført drenering, kva slag?

Gamle steingrøfter grave av far/bestefar/oldefar. Ei grøft er ny, men det viser seg at 4" rør var for liten dimensjon med den ekstrem nedbøren som har vore, og me er nøyd å grava ei parallell grøft med endå større dimensjon ved sida av den andre.

☒ Anna:

Der det er mogleg vil det vera opne grøfter, men i hovudsak er det lukka grøfter med plankar i botn, singel og 4 " rør. Utløpa til bekken vil me prøva å laga slik at dei kan spylast.

## 4. Søkjaren sine merknader og underskrift

Eg er ansvarleg for og godtek å:

- gjere meg kjend med forskrift om tilskot til drenering og andre aktuelle lover og reglar i samband med tiltaket,
- gi fullstendige og korrekte opplysningar i søknaden, inkl. aktuelle vedlegg,
- gi nødvendige opplysningar til kommunen som grunnlag for å handsame søknaden, utbetale tilskot eller i samband med kontrolltiltak,
- gjennomføre arbeidet innan fastset frist,
- dokumentere at arbeidet er ferdig utført,
- sende detaljert kart som viser faktisk plassering av grøfter og andre dreneringstiltak, til kommunen, etter at arbeidet er avslutta,
- skriftleg oppmode kommunen om å utbetale tilskot, innan ein månad etter fastset frist for gjennomføring,
- betale tilbake tilskot, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadene for løyvinga.

Merknader

Arbeidet vil starta så snart det er lagleg vær.

| Stad og dato | Underskrift |
|---|---|
| 02.01.2018 | Saila Bjørge |

## 5. Kommunen si saksbehandling (heile felt 5 blir fylt ut av kommunen)

### 5.1 Status på området

Området sin planstatus i kommuneplanen sin arealdel og eventuell reguleringsplan:

### 5.2 Kulturminne

| | |
|---|---|
| Er arealet (heile eller delar) freda eller foreslått freda etter kulturminnelova? | ☐ Ja ☐ Nei |
| I tilfelle, kva slag vernestatus og / eller kva kulturminne? | |
| Kva slag undersøkingar har kommunen gjort på arealet med omsyn til kjende og ikkje kjende, automatisk freda kulturminne? | |
| Er det kjende, automatisk freda kulturminne på arealet? | ☐ Ja ☐ Nei |
| Avstand til næraste kjende, automatisk freda kulturminne: | meter |
| Kan tiltaket røre ikkje kjende, automatisk freda kulturminne? | ☐ Ja ☐ Nei |
| Dersom det er kryssa av ja på minst eitt av spørsmåla, skal kommunen innhente fråsegn frå regional kulturminneforvaltning. Denne fråsegna skal følgje søknaden. Dato for eventuell fråsegn: | |

## 5.3 Naturmangfald

| | |
|---|---|
| Er arealet verna eller foreslått verna etter naturmangfaldlova? | ☐ Ja ☐ Nei |
| I tilfelle, kva verneform? | |
| Er det registrert verdiar som gjeld landskap og naturmangfald på arealet (medrekna prioriterte artar og utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova)? | ☐ Ja ☐ Nei |
| I tilfelle, kva? | |

## 5.4 Vurdering (For utrekning av tilskot og registrering i fagsystem)

Søknaden

☐ Løyvd som omsøkt ☐ Løyvd med endring ☐ Avslege ☐ Avvist

| Type tiltak | Areal, dekar (heile tall) | Løpemeter grøft, meter |
|---|---|---|
| Systematisk grøfting | | X |
| Profilering | | X |
| Omgraving | | X |
| Avskjæringsgrøfting | X | |
| Anna grøfting (usystematisk) | X | |
| Sum alle tiltak | 0 | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| Tal dekar: | X 2 000 kr/dekar | Kr 0 |
| Tal meter: | X 30 kr/meter* | Kr 0 |
| | Sum løyvd tilskot | Kr 0 |

*Avgrensa til kr 2 000 per dekar

| | | |
|---|---|---|
| Frist for gjennomføring: | | |

Merknader

| Stad og dato | Underskrift |
|---|---|
| | |

## 5.5 Utbetaling av tilskot

| | |
|---|---|
| Dato for skriftleg oppmoding frå søkjaren om utbetaling: | |

Følgjande dokumentasjon for gjennomføring av tiltak ligg føre (kryss av):

- ☐ Faktura frå entreprenøren, som viser kva som er gjort
- ☐ Kvitteringar for innkjøp av røyr og anna materiell
- ☐ Anna dokumentasjon (fotografi, synfaringsrapport, mv.)
- ☐ Detaljert kart som viser faktisk plassering av grøfter og andre dreneringstiltak, etter avslutta drenering, digitalt
- ☐ Detaljert kart som viser faktisk plassering av grøfter og andre dreneringstiltak, etter avslutta drenering, papir

Tilskot på kr ________________ vert tilvist for utbetaling frå fylkesmannen

| Stad og dato | Underskrift |
|---|---|
| | |

## 6. Rettleiing for utfylling av skjema

**Felt 2**
**Dreneringstiltak**

Søknad om tilskot til systematisk grøfting, profilering og omgraving skal førast opp i tal dekar jord som skal drenerast.
Tiltaka er definerte slik:

- **Systematisk grøfting:**
  Drenering med ein bestemt intensitet (avstand mellom grøftene) som dekkjer eit bestemt areal, tilstrekkeleg til å sikre tilfredsstillande dreneringstilstand av arealet.
- **Profilering:**
  Overflateforming der eit system av opne grøfter med møneforma teigar imellom, sikrar avrenning frå overflata.
- **Omgraving:**
  Omsnuing av jordprofilet på myrareal, slik at torvjord blir lagd under og eit lag av undergrunnsjord blir lagd på toppen. Omgravinga skal drenere arealet og betre bereevna.

Søknad om tilskot til **avskjæringsgrøfting** og **anna (tilfeldig) grøfting** skal gjevast opp i tal løpemeter grøft. Avskjæringsgrøfter hjelper til å hindre vassig frå ovanliggjande areal. Med anna grøfting meinast usystematisk eller tilfeldig grøfting / drenering for å tørrleggje mindre parti på jordet.

**Felt 3**
**Plan for drenering med omtale av tiltak**

Du kan nytte skjemaet «Plan for drenering».

**Kart**
Legg ved kart i høveleg målestokk (f.eks. 1:1000 eller 1:2000) med dreneringsskisse. Kartet skal vise omriss av arealet som skal drenerast, plassering av hovudutløp, kummar, samle- og sugegrøfter. Hugs å merke av områder med erosjonsproblem eller tydeleg overflateavrenning, verdifulle landskapselement, naturmangfald og arkeologiske kulturminne på kartet. Etter at arbeidet er avslutta, skal du sende eit detaljert kart som viser faktisk plassering av grøfter og andre dreneringstiltak, til kommunen. Du finn kart på gardskart.skogoglandskap.no.

**Miljøvurdering**
Du kan nytte skjemaet «Miljøvurdering».

**Tidlegare drenering**
Dersom det er tvil om arealet tidlegare har vore drenert, må søkjaren dokumentere dette. Ofte vil gamle grøfter og grøfteutløp vere synlege. Aktuell dokumentasjon kan vere tidlegare grøfteplanar, tilskotsbrev om grøfting med grøftekart, relevante fakturaer, stadfesting frå entreprenør eller andre personar eller foto som viser effekt av gamle grøfter.

**Felt 4**
Eigaren eller andre som har skriftleg løyve til å gjennomføre tiltaket, skal underskrive søknaden.

**Automatisk freda kulturminne**

Kulturminne er i kulturminnelova definert som alle spor etter menneskeleg aktivitet. Alle kulturminne frå før 1537, samt samiske kulturminne eldre enn 100 år, er automatisk freda. Kjende kulturminne er registrerte i Riksantikvaren sin database «Askeladden», som er tilgjengeleg på gardskart.skogoglandskap.no. I dyrka mark kan det likevel liggje ikkje kjende kulturminne under markoverflata. Spor frå busetjing og dyrking kan fortelje om garden si historie, ofte tilbake til mellom- og jarnalderen.

Det er forbode å gjere inngrep i automatisk freda kulturminne utan særskild løyve. Den som gjennomfører tiltaket er ansvarleg for eventuelle skader på automatisk freda kulturminne. Dette gjeld sjølv om kommunen har gitt tilsegn om tilskot til drenering.

**Kva skjer i sakshandsaminga?**
Kommunen behandlar søknaden din om tilskot til drenering.

Dersom dreneringstiltaket kan få følgjer for automatisk freda kulturminne, skal kommunen innhente fråsegn frå regional kulturminneforvaltning.

I einskilde saker kan det vere nødvendig med ei arkeologisk registrering før kulturminneforvaltninga kan uttale seg endeleg. Dersom arealet du søkjer om tilskot til utgjer mindre enn 100 dekar, dekkjer staten alle utgifter til arkeologiske undersøkingar.

Dersom tiltaket er i konflikt med automatisk freda kulturminne, skal kulturminneforvaltninga uttale seg endeleg i saka innan tre månader frå dei har motteke søknaden.

Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

# Miljøvurdering av drenering

Kan nyttast som vedlegg til søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord

Alle som søkjer om tilskot til drenering, må leggje ved ei miljøvurdering av tiltaket. Miljøvurderinga skal ta for seg kulturminne, naturmangfald, avrenning og nabotilhøve på dreneringsarealet og det nærliggjande området. Hugs å merke av utfordringar som gjeld erosjon og avrenning, og verdiar som gjeld landskap, naturmangfald og arkeologiske kulturminne på kartet.

## 1. Grunnopplysningar

| Søkjaren sitt namn | Kommunen der dreneringsarealet ligg |
|---|---|
| Laila Bjørge | Lindås |

## 2. Dreneringsareal og nærliggjande område

| Miljøtema | Spørsmål (sett kryss) | |
|---|---|---|
| Kulturminne[1] | Er det kjende kulturminna på arealet som skal drenerast? | ☐ Ja ☒ Nei |
| | Omtale av kulturminna:<br>Så langt me kjenner til er det ikkje kjende kulturminne på dei areal som skal drenerast. Alle areala har tidlegare vore grøfta. | |
| Naturmangfald[2,3] | Kan dreneringa vere til skade for naturmangfaldet? | ☐ Ja ☒ Nei |
| | Kommentar:<br>Slik me vurderer det vil ikkje drenering medføra skade på naturmangfaldet. Me meiner at betre drenering gjera det lettare å få til ein allsidig flora i eng og beite, i motsetjing til vassjuke areal som gjerne er dominert av få ugrasarter. | |
| Avrenning[4,5] | Kan dreneringa auke flaumfaren? | ☐ Ja ☒ Nei |
| | Kan dreneringa auke erosjonsfaren? | ☐ Ja ☒ Nei |
| | Namn på vassdrag det blir det drenert til? Bekk frå Bjørge | |
| | Dreneringa si verknad på avrenning frå overflata og frå grøfter, og eventuell forureining:<br>Etter at me renska bekken renn vatnet fortare vekk og ein unngår at det flaumer innover bøane. Me prøver å leggja færrast mogleg utløp direkte ut i bekken for det er ei stor belastning på grøftesystemet når flaum pressar vatn inn i røra. Der det er mogleg vil avskjeringsgrøftene vera opne noko som er betre med tanke på flaum. | |
| Naboforhold[5] | Kan dreneringa verke inn på naboarealet eller allmenheta sine interesser? | ☐ Ja ☒ Nei |
| | Kommentar:<br>Drenering gjev positiv effekt for landskapet då det fremjer betre eng og beite som aukar opplevingskvaliteten av landskapet. | |

1. Ifølgje kulturminnelova skal kulturminne ivaretakast og ikkje skadast. Kjende, automatisk freda kulturminne som buplassar, gravminne, rydningsrøysar mm. er registrerte i Riksantikvaren sin database «Askeladden», som er tilgjengeleg på gardskart.skogoglandskap.no. Ved gravearbeid er funn av kulturminne meldepliktige til Fylkeskommunen. Arbeidet må då stansast og kulturminneforvaltninga skal varslast. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogeleg - og seinast innan tre veker - om arbeidet kan fortsetje.

2. Naturmangfoldlova Naturmangfaldlova definerer naturmangfald som biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald, som i liten grad er resultat av menneska sin påverknad. Alle skal opptre forsiktig og gjere det som er mogeleg for å unngå skade på naturmangfaldet. Naturtypar, artar og kulturlandskap er registrerte i kart.naturbase.no. Du finn artar i artsdatabanken.no. Sjekk om området inngår i Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Informasjon om geologiske verdiar finn du i Noregs geologiske undersøking sin kartteneste.no «Geologien i min kommune».

3. Ifølgje forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, er det forbod mot tiltak i elve- og bekkeløp som kan øydelegge produksjonstilhøva for fisk eller andre organismar i ferskvatn. Dersom du planlegg større og meir omfattande fysiske inngrep enn dei noverande grøfteutløpa, må du ha løyve frå myndigheitene:
   a. Laks, sjøaure og kreps: Fylkesmannen
   b. Annan innlandsfisk, elvemusling, mm: Fylkeskommunen.

4. Vannforskrifta har føresegner om miljømål, vern og bruk av vassførekomstar. Vasskvaliteten skal ikkje øydeleggast. Det skal arbeidast for at alle vassførekomstar har god økologisk miljøtilstand. Avrenning frå jordbruket i form av jordpartiklar, næringssalt og plantevernmiddel påverkar miljøtilstanden negativt. Sjå vassportalen.no.

5. Vannressurslova krev at tiltak i vassdrag skal gjennomførast slik at dei er til minst mogeleg skade og ulempe for allmenne og private interesser (for eksempel naboar). Det er også krav om å oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte (kantsone) langs vassdrag med årsikker vassføring. Føremålet er å motverke avrenning og gi levestad for planter og dyr. Sjå nve.no.

## 3. Underskrift

| Stad og dato | Underskrift |
|---|---|
| Bjørge 02.01.18 | Laila Bjørge |